



## Månadsbrev februar 2017

Planar endrar seg raskt, og Edvard Munch og "Livsfrisen" gjekk ut pga. langvarig sjukdom. Kanskje det blir nytt forsøk neste skuleår. Det var faktisk ordføraren Marte Eide Klovning som spelte i "Kvinnekuppet". Det var eit interessant tema, men elevar og lærar syntest det vart litt vanskeleg å følgja med innimellom for dei hoppa att og fram i tid i tidsreisa.

Lesing og konkurranse er to ord som går godt saman på Sinnes, og både 4. klasse og 6.-7. klasse var med på Norli Junior sin lesekonkurranse i haust og fekk gull-diplom. Det vil seia at alle elevar las 3000 sider kvar frå 1. oktober til 31. desember! Les foreldra og lærarane like mykje, tru?

Me har hatt ein god jobbemånad i januar, og satsar på at det vert det i februar òg, men litt skjer det jo. Allereie onsdag 1. februar blir kroppsøvingsundervisinga lagt til Tjørhomfjellet for 6.-10. klasse, og måndag 6. februar vert det morgonsamling med markering av samane sin nasjonaldag. Tysdag 7. februar er det **Den store skulekino-dagen**. 1.-4. klasse skal sjå "Dyrene i Hakkebakkeskogen" og 6.-10. klasse skal sjå "Hidden Figures". Den første filmen veit me kva handlar om, og den siste er lagt til 1960-åra i USA. Under kappløpet "mot Russland om å bli den første nasjonen til å sende en mann ut i verdensrommet, finner NASA utnyttet talent blant en gruppe afrikansk-amerikanske kvinnelige matematikere. Flere av disse endte opp med å bli sentrale i en av de største operasjonene i amerikansk historie, nemlig romfartsprogrammet." Filmen er basert på den sanne livshistoria til tre av desse kvinnelege matematikarane, kjent som "menneskelige datamaskiner". Me blir på Tonstad heile dagen, med ulike aktivitetar eller besøk i tilsvarande klasse på Tonstad skule. (<http://www.filmweb.no/skulekino/incoming/article1302118.ece>).

De har vonleg allereie sett av kvelden 13. februar til **foreldremøte** med besøk av **Villmarksbarna** ved Inger Wallem Krempig. Alle er hjarteleg velkomne i kinosalen på Tonstad! 1.-4.-klassingane i Sirdal skal ha opplegg på Sinnes tysdag føremiddag der Runa og kanskje broren Narve vert med.



15. februar vert det nytt forsøk med nytt **skulesekkbesøk** av Stein Versto "Med dikt i skreppa" der ungdomsskuleelevane skal læra om haikudikt, og fredag 24. vert det **Abeldag** for 1.-10. klasse. Kvifor Abel? Fordi Niels Henrik Abel, norsk matematikar, blir rekna "som en av matematikkens største begavelser. Som 22-åring leverte han arbeider om femtegradsligninger som plasserte ham blant verdens fremste matematikere", utan at han vart verdsett for det medan han levde. ([https://snl.no/Niels\\_Henrik\\_Abel](https://snl.no/Niels_Henrik_Abel))

Og så er det **vinterferie!**

Sinnes 30.01.17, *Ase-Berit*